



ÅRSMELDING FOR 2018

Foreininga Jordbruksskolenes Venner (JV)

Jordbruksskolenes Venner har i mange år samarbeidd med jordbruksskulane Tombontsoa og Fihaonana på Madagaskar. Kyrkjelydar, foreiningar og enkeltpersonar har gitt eingongsgåver og mange er faste gjevarar til JV. Tomb videregående skole har bidratt også dette året med pengar, og det har også Varhaug Kristeleg Ungdomslag. Pengar frå Fossfondet har blitt brukt til drifta av skulane i 2018.

Styret

Styret i Jordbruksskolenes Venner i 2018:

Rolf Moi, leiar

Arne Dragsund, sekretær

Kjell Dale, kasserar

Kolbjørn Lerstøl, medlemskontakt

Jonas Skrettingland, styremedlem

Styret har hatt 6 møter og handsama 67 saker dette året.

JV si heimeside og Facebook

På heimesida kjem det nytt frå skulane, eller artiklar om land og folk på Madagaskar. Adressa er www.jo-ve.no

Når det kjem artiklar på heimesida, vert desse med ein gong overførte til Facebook. Vi ønskjer å informere mest mogeleg om det som skjer på dei to skulane på Madagaskar, og om det arbeidet som styret i JV har opp mot dei to skulane til ei kvar tid.

Føregangsskular på Madagaskar

Det er nå 53 år sidan Tombontsoa jordbruksskule kom i gang, og for Fihaonana er det 35 år sidan skulen hadde dei første elevane. Skulane har såleis utdanna mange tusen agronomar i det eitt årige kurset i jordbruk, husdyrbruk og miljøkunnskap. Med ein befolkning på 24 mill. menneske, er behovet for jordbruksutdanning større enn nokon gong. Matproduksjonen held ikkje tritt med befolkningsauken, slik at Madagaskar må importere stadig meir mat frå utlandet. I dette biletet er jordbruksskulane i Den gassisk lutherske kyrkja viktige for å gje ungdom jordbruksutdanning. Dei utviklar heile tida gardsbruka sine med nye produksjonar for å kunne gje elevane den beste og mest oppdaterte undervisninga.

Engasjementet til Jordbruksskolenes Venner

Jordbruksskolenes Venner har samarbeidd med desse skulane sidan 2007 for Tombontsoa sitt vedkomande, og sidan 2009 med Fihaonana. Vi vil i denne samanheng trekke fram rektor Rasoloson Lala på Tombontsoa og rektor Randrianarijao Hobiharisoa på Fihaonana og deira medarbeidarar for den store innsatsen dei legg ned i arbeidet på skulane, og at dei stadig er med i utviklinga innan landbrukssektoren og samarbeidet med lokale og sentrale myndigheiter. Når det nå i 2019 er 432 elevar og studentar på Tombontsoa, og vil bli rundt 100 elevar på Fihaonana, viser det meir enn noko anna at skulane er inne i ei fin utvikling. Rektor på Fihaonana representerte landbruksutdanninga på Madagaskar på ein stor internasjonal konferanse i Sør-Afrika i oktober, saman med folk frå Landbruksdepartementet.

Vi har ikkje kunna hatt dette engasjementet på Madagaskar utan dei gode medarbeidarane vi har på begge skulane.

Frå styret i Jordbruksskolenes Venner: Ei varm takk til begge rektorane og dei tilsette ved skulane for det gode samarbeidet vi har hatt gjennom mange år!



Rektor dr. Rasoloson Lala



Rektor Randrianarijao Hobiharisoa

Programmet Grøn Diakoni

Begge skulane er med i det såkalla Grøn Diakoni-programmet i Den gassisk lutherske kyrkja. Det går ut på at skulane har opplæring av hyrdar frå sjukelandsbyane (toby). Hyrdar er kvinner og menn som har fått ei to-årig opplæring før dei vert innvigde til hyrdar i kyrkja. Dei tek seg mellom anna av mentalt sjuke menneske i sjukelandsbyane eller omsorgssentra som fins over heile Madagaskar. 10 hyrdar frå kvar av 7 tobyar har fått opplæring i 2017 og 2018, 3 i Innlandet for Tombontsoa og 4 på austkysten for Fihaonana. Hyrdane har fått 14 dagers kurs i grønsakdyrking, bruk av husdyrgjødsel og lagring av kompost, oppretting av planteskular og planting av frukttre og skog. Etter opplæringa på skulen, følgjer lærarane opp arbeidet i tobyen. Hyrdane tek med seg dei mentalt sjuke ut i praksis på åkeren som dei har inntil tobyen. Når folk er blitt friske igjen, får dei med seg nokre frøposar av grønsaker heim til sine landsbyar og held fram dyrkinga der. Dei to skulane skal ha kurs for hyrdane i 2 tobyar kvar i året dei neste åra. Organisasjonen Plant et Tre i Norge står bak finansieringa av dette tiltaket. Representantar for Plant et Tre var på Madagaskar i oktober-18 for å besøke alle dei 7 tobyane som har fått støtte gjennom dette arbeidet, og dei var også innom dei to skulane.



Rektor Rasoloson Lala viser rundt på Tombontsoa



Rektor (nr.2 fv.) og lærar Jean Pierre (nr.4 fv.) frå Tombontsoa saman med nokre hyrdar i Ambohimahazo sjukelandsby

Okseprosjektet

Det er lite mekanisert drift av gardane på Madagaskar, og framleis er spaden den viktigaste reidskapen når jorda skal vendast, i rismarkene og elles. Nokre bønder har begynt med traktordrift, men det er lite utbredt ennå. Men det er nok oksar dei fleste stader. Derfor har JV for nokre år sidan gått i gang med opplæring i temming av oksar og produksjon av gode

reidskapar. I dette arbeidet er 4 bønder rundt Tombontsoa og dei to skulane med i eit prosjekt for å vurdere bruken av forbetra reiskapar til oksar. Mellom anna er det utarbeidd eit nytt åk for oksane, ei ny firehjuls vogn, ein ny plog med veltefjøl av hard nylon frå Kverneland fabrikk og ei såmaskin for mais med 3 aggregat. Det har aldri før vore brukt plast som veltefjøl til okseplogar på Madagaskar. Laterittjorda klinar seg fast til stålfjøl, så jorda må fjernast ofte. Plog med plastfjøl glir mykje lettare. Ein reknar at drivstofforbruket blir 20 % mindre på traktoren med pløying med plog med plastfjøl, og oksane dreg plogen lettare. På Fihaonana har dei to par med ungoksar som dei temmer som ledd i opplæringa for elevane.



Kolbjørn Lerstøl. Plastfjøl på plogen Kjell Dale og Kolbjørn Lerstøl har montert ei nylonfjøl på okseplogen Kjell Dale framfor ein vognkarm med tipp

Styret i JV på oppdrag på Madagaskar

Alle styremedlemene i JV har vore på Madagaskar dette året. Jonas Skrettingland var innom Tombontsoa og samtalte med rektor i juli, og Arne Dragsund var på begge skulane i mars månad for samtalar med rektorane og lærarane, og undervisning for nye husdyrlærarar på Fihaonana. I tida september- desember var Kjell Dale, Kolbjørn Lerstøl, Rolf Moi og Arne Dragsund på Tombontsoa og Fihaonana. Kjell Dale og Kolbjørn Lerstøl var på Tombontsoa med okseprosjektet og reparasjon av reiskapar og MF-traktoren på Fihaonana. Rolf Moi var på Fihaonana for utgraving av brønnen, og han og veterinær Asbjørn Dalane var innom Tombontsoa for ein gjennomgang av fjøset og produksjonen av mjølk.

I november- desember var Thor Ringsbu på Madagaskar for revidering av boka om maniokdyrking, der lærar Noely på Fihaonana er medforfattar. Boka om husdyrforing vart trykt på nytt sidan den var utselt. Ringsbu er leiar av eit bokprosjekt for jordbruksprosjekta som kyrkja driv på Madagaskar. Bøkene blir brukte på jordbruksskulane.

Basar til inntekt for JV

På Finnøy arrangerte dei ein basar 30.november til inntekt for Jordbruksskolenes Venner. Marit Meltveit Vignes var primus motor for eit vellukka arrangement denne kvelden. Dette er 2.gongen ho arrangerer ein slik basar for å samle inn pengar til JV. Takk for stor innsats! Kjell Dale orienterte om okseprosjektet på Madagaskar og Marta Dale fortalde med bilete om den gassiske kvardagen og mange interessante situasjonar i møtepunktet med den gassiske kulturen. Arne Dragsund heldt andakt, og Strandakameratane song.

Tombontsoa jordbruksskule

Skuledrifta

Tombontsoa jordbruksskule starta opp i 1965 med dei første elevane. Skulen har utdanna fleire tusen agronomar i det eittårige kurset. Mange av desse finn vi igjen som foregangsbønder ute i landsbyane. Nokre arbeider i staten eller private organisasjonar, og nokre har teke vidare utdanning. Skulen er såkalla Ecole Agree, dvs. at han er godkjent av Den gassiske stat som fagskule i landbruket. Landbruksdepartementet er med og utarbeider eksamensoppgåver og dei er og med og rettar desse, samt at dei signerer vitnemåla saman med skulen og synodeleiinga.

Tombontsoa har tre ulike tilbod for ungdom. FPQ, det eittårige kurset, eit treårig gymnas (Lycee Agricole) og det treårige høgskuletilbodet IPSATTA. Totalt er det ved årsskiftet 2018-19, 92 elevar i FPQ, 54 elevar i Lycee Agricole og 286 studentar i IPSATTA. Totalt 432. I tillegg dei som held på med bacheloroppgåva i jordbruk, husdyrbruk eller miljøkunnskap.



Nytt skulebygg med to klasserom vart bygd i 2018. Bygginga var støtta av elevane ved Tomb videregående skole

Gardsbruket

Gardsbruket på Tombontsoa er på 1200 dekar. Hovedkulturane er mais og gras som for til storfeet. Grønsakdyrkinga foregår i små teigar nær skulen som elevane har ansvar for, og på Fanantenana= Håpets gard. Til skulen høyrer og ein skog med furutre litt nord for Tombontsoa.

I fjøset er det nå om lag 50 årskyr med påsett av alle kvigekalvar. Mjølkekengda har teke seg betrakteleg opp det siste halve året av 2018. Studentar i IPSATTA har forplanlegging og gjennomføring av foringa som eit viktig tema i undervisninga, og dei held kontroll med ytelsen til ei kvar tid. Ved årets slutt låg mjølkekengda på rundt 700 liter til dagen. Mjølka vert som tidlegare, pakka i plastposar og seld til butikkar i Antsirabe. Det var godt med surfor av mais dette året, pakka i den store utesiloen framfor fjøset. I tillegg til siloforet vert det brukt kraftfor frå mølla. Det er ikkje lenger sal av kraftfor utanfor skulen, så produksjonen er berre til eige bruk på garden, i fjøset, grisehuset, hønehuset og Håpets gard.

Tombontsoa fekk afrikansk svinepest i grisehuset, som vart restaurert i slutten av 2017 med pengar frå JV. All gris vart slakta, og husa desinfiserte. Det finst ikkje vaksinasjon mot afrikansk svinepest, eller behandling. I 2018 har dei vore i gang med å auke opp igjen besetningen. Det er stor etterspørsel etter smågris og slaktegris, så produksjonen kan aukast betrakteleg framover.

Hønehusa er restaurerte og tekne i bruk for oppal av kyllingar for eggproduksjon. Skulen kjøper inn daggamle kyllingar og sel dei som 16 vekers kyllingar. Det er stor etterspørsel etter kyllingar av verperase på Madagaskar. Dei hadde ved slutten av året 17.000 kyllingar i dei to husa. Dei reknar med 2 ½ innsett i året. Dette har blitt ein fin produksjon med god inntening, sett i gong og følgt opp av rektor som ville prøve denne produksjonen på skulen. Produksjonen av kyllingar har blitt ein suksess.

Kyllingane som Tombontsoa sel for eggproduksjon, er hybridhøner, dvs. dei er foredla fram til gode verpedyr. Det er og nokre som sel dyr som kan gje avkom. Desse passar best ute i landsbyane for m.a. innkrysning med den gassiske rasen. Det er dei seinare år kome rasar til kjøtproduksjon. Dei vert fora opp på 32 dagar frå daggamle kyllingar. Både på torget i byane i innlandet og på restaurantar er slike slaktekyllingar vanleg.

Det tekniske utstyret i gardsbruket er nå i god stand, det same med mjølkeanlegget i fjøset. Dei som har vore på dugnad på skulen i år, har teke med seg reservedeler til mjølkeanlegget og deler til traktorane. Før pløying vert det køyrt ut husdyrgjødsel med gjødselfogna frå den store gjødselfogntanken som vart bygd i 2012. Maisen vert sådd med maissåmaskin. Maishaustaren haustar maisen før den vert køyrt i plansiloen utanfor fjøset. 600 dekar vert nytta til mais for silolegginga. Eit godt drive gardsbruk er god undervisning for elevane og studentane som alle har praksis på den store skulegarden. Garden som godt kan kallast det grønne klasserommet, er heilt nødvendig for å gje elevane ei god og meningsfylt opplæring. Det er her dei lærer korleis dyra skal forast og stellast, og det er her dei får vere med på jordarbeiding, gjødsling og hausting. Håpets gard er viktig i så måte, der det t.d. er handmjølking og der dei pløyer med oksar. Dette ligg nærare det dei møter i sine eigne landsbyar når dei kjem tilbake.



Effektiv pløying med 4 skjærs vendepløg



Harving før såing av mais. Oktober- 18



Frå fjøset på Tombontsoa. Foring med surfor av mais



Oppdrett av 16 vekers kyllingar av verperase(hybrid)

Fihaonana jordbruksskule

Skuledrifta

Fihaonana jordbruksskule kom i gong i 1983. Rundt 1600 elevar har fått si utdanning gjennom desse 35 åra. Dei fleste av desse har reist tilbake til sine landsbyar for å praktisere som bønder. Andre tek meir utdanning eller får seg arbeid i private organisasjonar eller i staten som vaksinatørar eller rettleiarar. På austkysten er bøndene veldig tradisjonsbundne, og det er mykje tabuar når det gjeld dyrking av ymse vekster. Derfor er det ikkje lett for dei unge og starte opp for seg sjølv, eller saman med foreldra. Skulen har derfor i fleire år invitert foreldra til ei veker opphald på skulen, slik at dei får sjå kva som er mogeleg å få til i dei ulike produksjonar.

Inntaket av nye elevar til det eittårige kurset startar 7. januar- 19 med fleire stader for opptak rundt på austkysten, og nokre plassar i innlandet. Nytt skuleår startar opp 28. januar, med rundt 100 elevar, 50 i det eittårige kurset, og 50 i eit nytt kurstilbod for Fihaonana, PEJAA (Promotion pour l'Entreprenariat des Jeunes Agriculture et Alimentaire (Agro-Alimentaire)). Dette kurset er for ungdom som har ei høgare utdanning frå før, men som ikkje har fått seg arbeid. Opplæringa tek for seg entreprenørskap i landbruket og i næringsmiddelfaga. Desse elevane skal m.a. få tildelt eit jordareal der dei skal dyrke grønsaker og andre vekster. 3 personar skal tilsetjast på skulen for å følgje opp desse, men det er lærarane på Fihaonana som skal ha undervisninga. Dei siste åra har skulen hatt kurs på 3 månader i forskjellige produksjonar. Om dei framleis skal tilby dette, er usikkert sidan dei skal til med dette nye tiltaket. I denne pakken ligg det og planar om å bygge eit nytt internat og kjøkkenavdeling for å kunne ta imot desse nye elevane i PEJAA. Styret for skulen hadde møte 12. november, der det vart bestemt å setje i gang dette nye kurset på Fihaonana. Arne Dragsund frå JV var innkalt til dette møtet.

Fihaonana er også Ecole Agree, godkjent av staten som fagskule i landbruket. Landbruksdepartementet er som for Tombontsoa, med og signerer vitnemåla for elevane. Fihaonana er den einaste jordbruksskulen på heile austkysten av Madagaskar, og spelar naturleg nok ein svært viktig rolle i utviklinga av landbruket i denne delen av landet.

Gardsbruket

Gardsbruket på rundt 300 dekar vert nytta som ein viktig praksisplass for elevane. Skulen har ein traktor som dei brukar i pløying og noko transport, og har nå fått ein liten Kubota traktor for arbeid på dei små flater. Opplæring i bruk av oksar som trekkekyr er ein del av opplæringa på skulen. I tillegg til forskjellige sortar grønsaker, vert det dyrka maniok, mais, søtpotet, gras

og frukt som papaya, kakao og noko vanilje. Skulen nyttar ikkje kunstgjødsel, men greier seg stort sett med kompost og husdyrgjødsel, sjøl om det er stort forbruk av husdyrgjødsel til dei 5 biogassanlegga dei har på skulen. I husdyrbruket er det nå 10 mjølkekyr, 10-12 avlspurker og 1200 høner. Mjølka og egga vert selde i byane Manakara og Farafangana. Dei har teke i bruk det nye grisehuset som vart bygd i 2017-18 med støtte frå JV. I kraftformølla er det produksjon av kraftfor til eige bruk, og sal til bønder i området. Det er installert eit solcelleanlegg på Fihaonana, med tanke på å redusere bruken av dyr straum frå e-verket. Dette dekkar rundt 35 % av det behovet skulen treng. Biogass frå toalettene til elevane er tilstrekkeleg til lys i internata.

I 2018 har JV finansiert bygginga av ein ny brønn og utgraving av fleire fiskedammar. I tillegg halvparten av kostnadene med skuledrifta saman med NMS.

Samarbeid med Øya videregående skole i Trøndelag

Hjalmar Hugdal og Håvard Lien var på Fihaonana i april for å samtale om det skal bli vennsksforbindelse mellom dei to skulane. Dei møtte og styret for skulen, som var svært positive til eit slikt samarbeid. Det er nå bestemt at lærarar og elevar kjem til Fihaonana i april 2019 for eit opphald på Madagaskar på rundt 14 dagar. Dei skal vere ei veke på Fihaonana, samt at dei skal innom Ranomafana nasjonalpark for overnatting i regnskogen på vegen ned til kysten. Ein slik forbindelse med ein tilsvarende skule i Norge, har stor betydning for Fihaonana, men og for lærarar og elevar på Øya vgs. som slik får innblikk i jordbruk og jordbruksundervisning i eit anna land. Teoretisk lærer elevar i Norge om klima, vekstvilkår og produksjonsmåtar i tropiske land, men her får dei innblik i korleis det verkeleg er. I tillegg kontakten på det medmenneskelege plan og korleis det er å vere elev på ein skule på Madagaskar. Tombontsoa er vennskapsskule med Tomb videregående skole i Råde.



Det er grave ut 4 nye dammar for oppdrett av fisk



Rolf Moi og medarbeidarar ved den nye brønnen



Flotte smågriskull i grisehuset



Lærer Noely viser fram ein fin bønneåker



Den gamle MF 135 er pussa opp og nyoverhald



Som jubileumsgåve frå JV fekk skulen ein ny Kubota traktor

Ny brønn

I fjor vart det graven ein ny brønn på 8 meter i djupne. I år vart brønn nr. 2 graven, ned til 9 meter. Rolf Moi var også i år ein tur til Fihaonana for å stå for dette arbeidet. Nå har Fihaonana nok med godt vatn til skulen og gardsbruket.

35 års- jubileet

Det er 35 år sidan Fihaonana hadde det første kullet elevar. 12. og 13. november var det jubileumsfeiring. 12.november var det kurs i samvirke ved lærar Noely og Arne Dragsund, for

tidlegare elevar som kom til jubileet og nåverande elevar. Det er ikkje samvirkelag i landbruket på Madagaskar, så behovet er stort, både i innkjøpssamvirke og salssamvirke. Mykje folk frå kyrkje og stat var tilstades på jubileet. Skulen fekk god omtale av kor viktig den er for utvikling av landbruket i dette området. Fleire norske var tilstades: Rolf Moi, Marta og Kjell Dale, Kolbjørn Lerstøl, Thor Ringsbu og Arne Dragsund. Sistnemnde hadde ei helsing til skulen frå Jordbruksskolenes Venner, NMS, KG og Borgestad menighet i Skien.



Frå festsalen



4 i styret for JV var med Dragsund, Moi, Lerstøl, Dale



Tidl.rektor Felicite med tidl. elevar



Rektor Hoby og kona Solange

Staten sitt engasjement

Som nemt er dei to skulane Ecoles agrees, dvs. dei er godkjende som fagskular i landbruket. Det er i gong eit arbeid med at skulane skal bidra med ein større eigenandel av driftsbudsjetta framover, med ein tilsvarende reduksjon av støtta utanfrå til drifta av skulane. I dette ligg også den støtta som staten yter til dei to skulane, slik som visse kurs som staten ber t.d. Fihaonana om å halde, og som dei finansierer. Staten ser begge skulane som viktige samarbeidspartnarar i å utvikle landbruket på Madagaskar, og dei har også teke skulane som modell for korleis landsbruksutdanninga bør foregå på Madagaskar, med ein teoridel og ein praktisk del for at elevane skal kunne omsette teorien i praktiske produksjonar. Problemet for staten er at dei ikkje har gardsbruk tilknytta den teoretiske opplæringa dei har sett i gong enkelte stader, så dei ber om praksisplassar nokre månader til elevar og studentar, for eksempel på Fihaonana slik dei gjorde i 2018.

Takk for støtte til arbeidet på jordbruksskulane!

Styret i JV vil takke for all støtte til arbeidet på dei to jordbruksskulane i 2018. Vi ser at innsatsen til JV viser igjen på begge skulane, både i gardsbruket og elles. Eit slikt samarbeid er verdifullt for skulane, men også for oss i Jordbruksskolenes Venner rundt i heile landet. Det er flott at vi kan vere med å bidra til utviklinga av det gassiske landbruket på denne måten!

Takk og til Det Norske Misjonsselskap for samarbeidet dette året. Saman med NMS har JV delt på driftskostnadene med det eittårige kurset på begge skulane dei siste to åra, og vil også halde fram med dette i 2019. For 2018 dekkja JV drifta med 592.000 kr., og for 2019 har vi sagt vi kan dekke 605.000 kr. av driftsbudsjettet for begge skulane.

Gåver til JV kan sendast til konto: 82.02.85057, merka prosjektnummer 723653. Eller Vipps: 513127.

Sandnes, den 02. januar 2019

Styret i Jordbruksskolenes Venner
Arne Dragsund, sekretær